



## Møteprotokoll

---

|                  |                             |
|------------------|-----------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Kommunestyret               |
| <b>Møtestad:</b> | Kommunestyresalen, Rådhuset |
| <b>Dato:</b>     | 17.03.2026                  |
| <b>Tid:</b>      | kl 13.45 – 16.50            |

---

### Desse møtte

|                        |     |              |
|------------------------|-----|--------------|
| Dag Vaagen             | H   | ordfører     |
| Einar Ekroll           | FRP | varaordfører |
| Anne-Marte S. Beitveit | H   | medlem       |
| Inge-Jonny Hide        | H   | medlem       |
| Wenche Bjørkeng        | H   | medlem       |
| Kristoffer Værnes      | H   | medlem       |
| Harald Gjerde Riise    | H   | medlem       |
| Bjørn Thore Hansen     | H   | medlem       |
| Unny Iren Haugen       | AP  | medlem       |
| Toril Urkedal          | AP  | medlem       |
| Sara Fugledal Wiik     | AP  | medlem       |
| Geir Torsvik           | AP  | medlem       |
| Olav Myklebust         | SP  | medlem       |
| Mathias B. Gjerde      | SP  | medlem       |
| Magnus Hjelle          | SP  | medlem       |
| Kjartan Bleie          | FRP | medlem       |

### Forfall

|                           |
|---------------------------|
| Camilla Auflem Vik        |
| Petter Gunnarstein        |
| Clarence Magnus Lillestøl |
| Sindre Slettestøl         |
| Liv Sæther Myskja         |

### Representerer

|     |
|-----|
| AP  |
| FRP |
| H   |
| H   |
| SP  |

### Varamedlem

|                            |
|----------------------------|
| Marthe Longva Strandbakken |
| Anja Djupvik Halsebakk     |
| Jan-Arild Jacobsen-Vik     |
| Frode Bringsvor            |
| Gunn-Eli U. Sandvik        |

### Representerer

|     |
|-----|
| AP  |
| FRP |
| H   |
| H   |
| SP  |

### Røysteføre: 21

### Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Renathe Rossi Aglen, kommunedirektør

Tove Cathrine Kvamme, fagleiar politisk sekretariat

Lilly-Arlen Kvalsund, kommunalsjef oppvekst og kultur

Inga Dalen Slettestøl, økonomileiar

Haldis Moltu, revisor - møtte til sakene 27/26, 28/26 og 29/26

Til å lese igjennom møteprotokollen før vedtaksutsending vart Kristoffer Værnes og Matias B. Gjerde valde

## Sakliste

| Sak nr.  | Sakstittel                                                                                   | Arkivsaksnr. |
|----------|----------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|
| PS 20/26 | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                        | 26/440       |
| PS 21/26 | Godkjenning av protokoll                                                                     | 26/440       |
| PS 22/26 | Open talarstol                                                                               | 26/440       |
| PS 23/26 | Interpellasjonar                                                                             | 26/440       |
| PS 24/26 | Grunngjevne spørsmål                                                                         | 26/440       |
| PS 25/26 | Orienteringar                                                                                | 26/440       |
| PS 26/26 | Referatsaker                                                                                 | 26/440       |
| PS 27/26 | Forvaltningsrevisjon - "rekruttering og sjukefråvær innan helse og omsorg" - prosjektrapport | 26/103       |
| PS 28/26 | Årsmelding 2025 for Sande kontrollutval                                                      | 26/104       |
| PS 29/26 | Årsplan for Sande kontrollutval 2026                                                         | 26/104       |
| PS 30/26 | Delegeringsreglement for Sande kommune - revisjon 2026                                       | 24/385       |
| PS 31/26 | Politisk implementering av ny (revidert) rammeplan for Sande kulturskule                     | 24/261       |
| PS 32/26 | Sakkunig nemnd og klagenemnd for eigedomsskatt - val av nemndsmedlemmar                      | 26/12        |
| PS 33/26 | Årsmelding for rådet for personar med nedsett funksjonsevne 2025                             | 23/1548      |
| PS 34/26 | Årsmelding for Ungdomsrådet for 2025                                                         | 23/1639      |
| PS 35/26 | Årsmelding for eldrerådet 2025                                                               | 23/1479      |
| PS 36/26 | Grunntinging av areal - gnr 87 bnr 71                                                        | 26/236       |
| PS 37/26 | Høyringssak- framtidig organisering av oppvekstsektoren i Sande kommune                      | 25/8         |

Larsnes, 17.03.2026

Dag Vaagen  
Ordfører

### PS 20/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad

### PS 21/26 Godkjenning av protokoll

#### Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.

## **PS 22/26 Open talarstol**

## **PS 23/26 Interpellasjonar**

## **PS 24/26 Grunngejevne spørsmål**

### **Underliggende sak:**

| <b>Saksnr.</b> | <b>Tittel</b>                                                                     |
|----------------|-----------------------------------------------------------------------------------|
| 01/26          | Grunngjeve spørsmål til høyringssak om framtidig organisering av oppvekstsektoren |

## **PS 25/26 Orienteringar**

### **Vedtak:**

Orienteringar vart samrøystes tekne til vitande.

## PS 26/26 Referatsaker

### Underliggende sak:

| Saksnr. | Tittel                                                       |
|---------|--------------------------------------------------------------|
| 11/26   | Møteprotokoll - Sande kontrollutval - 05.02.2026             |
| 12/26   | Tilsagn om støtte til utgreiing av mogleg kommunesamanslåing |
| 13/26   | Varsel om framlegg til vedtektsendringar i Tussa Kraft AS    |

### Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

## PS 27/26 Forvaltningsrevisjon - "rekruttering og sjukefråvær innan helse og omsorg" - prosjektrapport

### Vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Rekruttering og sjukefråvær innan helse og omsorg", utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon KO, datert 26.01.2026.

2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:

a. Kommunen må vidareføre/få på plass rutine kring kartlegging av kompetansen blant tilsette og vurdere behovet, for å få rett og tilstrekkeleg kompetanse.

b. Kommunen har mandat til å vurdere felles sjukepleiarteam, og arbeidet med dette må prioriterast.

c. Kommunen har tilfredsstillande rutinar kring oppfølging av sjukemeldte, men etterlevinga av desse er mangelfull. Dette gjeld ajourhald av personalmapper, og oppfølging av sjukemeldte.

3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 01.06.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp anbefalingane i rapporten, kven som har ansvaret for tiltaka og kva tid tiltaka skal iverksettast.

### Behandling:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Kontrollutvalet si tilråding:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Rekruttering og sjukefråvær

innan helse og omsorg", utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon KO, datert 26.01.2026.

2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:

- a. Kommunen må vidareføre/få på plass rutine kring kartlegging av kompetansen blant tilsette og vurdere behovet, for å få rett og tilstrekkeleg kompetanse.
- b. Kommunen har mandat til å vurdere felles sjukepleiarteam, og arbeidet med dette må prioriterast.
- c. Kommunen har tilfredsstillande rutinar kring oppfølging av sjukemeldte, men etterlevinga av desse er mangelfull. Dette gjeld ajourhald av personalmapper, og oppfølging av sjukemeldte.

3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 01.06.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp anbefalingane i rapporten, kven som har ansvaret for tiltaka og kva tid tiltaka skal iverksettast.

## **PS 28/26 Årsmelding 2025 for Sande kontrollutval**

### **Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

### **Behandling:**

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Kontrollutvalet si tilråding:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

## **PS 29/26 Årsplan for Sande kontrollutval 2026**

### **Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner årsplan for 2026 for kontrollutvalet

### **Behandling:**

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Kontrollutvalet si tilråding:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet

**PS 30/26 Delegeringsreglement for Sande kommune - revisjon 2026****Vedtak:**

Kommunestyret vedtek den reviderte versjonen av delegeringsreglementet for Sande kommune for perioden 2024 - 2028.

**Behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet :****Formannskapet tilrår:**

Kommunestyret vedtek den reviderte versjonen av delegeringsreglementet for Sande kommune for perioden 2024 - 2028.

**PS 31/26 Politisk implementering av ny (revidert) rammeplan for Sande kulturskule****Vedtak:**

Sande kommunestyre vedtar å legge "*Rammeplan for kulturskolen - Kulturskole for alle*" til grunn for drift og utvikling av Sande kulturskule.

**Behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.03.2026 - 36/26****Formannskapet tilrår:**

Sande kommunestyre vedtar å legge "*Rammeplan for kulturskolen - Kulturskole for alle*" til grunn for drift og utvikling av Sande kulturskule.

## **PS 32/26 Sakkunig nemnd og klagenemnd for eigedomsskatt - val av nemndsmedlemmar**

### **Vedtak:**

#### **Sakkunig nemnd for eigedomsskatt**

Leiar Geir Eide  
Nestleiar Margrete Krogstad Ekroll  
Medlem Vebjørn Strømsnes

#### **Varamedlemmar:**

Odd Kåre Wiik  
Anne Marta Torset  
Marthe Longva Strandbakken

#### **Klagenemnd for eigedomsskatt:**

Kaare Vorren, leiar  
Anne-Lise Johansen, nestleiar  
Jostein Kvalen

#### **Varamedlemmar:**

Vebjørn Torset  
Anja Meek Halsebakk  
Ann-Lena Vonheim

### **Behandling:**

Framlegg frå valutvalet, foreslått av Inge-Jonny Hide, Høgre

#### **Sakkunig nemnd for eigedomsskatt**

Leiar Geir Eide  
Nestleiar Margrete Krogstad Ekroll  
Medlem Vebjørn Strømsnes

#### **Varamedlemmar:**

Odd Kåre Wiik  
Anne Marta Torset  
Marthe Longva Strandbakken

#### **Klagenemnd for eigedomsskatt:**

Kaare Vorren, leiar  
Anne-Lise Johansen, nestleiar  
Jostein Kvalen

#### **Varamedlemmar:**

Vebjørn Torset  
Anja Meek Halsebakk  
Ann-Lena Vonheim

Valutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

## **PS 33/26 Årsmelding for rådet for personar med nedsett funksjonsevne 2025**

### **Vedtak:**

Kommunestyret tek årsmelding for rådet for personar med nedsett funksjonsevne 2025 til vitande.

### **Behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.03.2026 - 40/26**

#### **Formannskapet tilrår:**

Kommunestyret tek årsmelding for rådet for personar med nedsett funksjonsevne 2025 til vitande.

## **PS 34/26 Årsmelding for Ungdomsrådet for 2025**

### **Vedtak:**

Kommunestyret tek årsmeldinga til vitande.

### **Behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.03.2026 - 41/26**

#### **Formannskapet tilrår:**

Kommunestyret tek årsmeldinga til vitande.

## **PS 35/26 Årsmelding for eldrerådet 2025**

### **Vedtak:**

Årsmelding for eldrerådet i Sande 2025 vert teken til vitande.

### **Behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.03.2026 - 39/26**

#### **Formannskapet tilrår:**

Årsmelding for eldrerådet i Sande 2025 vert teken til vitande.

## **PS 36/26 Grunnting av areal - gnr 87 bnr 71**

### **Vedtak:**

Sande kommunestyre aksepterer kravet frå eigar av gnr 87 bnr 71 om innløyising av omtalte areal.

Sande kommunestyre gir grunntingingsutvalet mandat til å starte opp arbeidet med grunntingingar basert på prosedyre for ordinære skjønnsforhandlingar.

### **Behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.03.2026 - 38/26**

#### **Formannskapet tilrår:**

Sande kommunestyre aksepterer kravet frå eigar av gnr 87 bnr 71 om innløyising av omtalte areal.

Sande kommunestyre gir grunntingingsutvalet mandat til å starte opp arbeidet med grunntingingar basert på prosedyre for ordinære skjønnsforhandlingar.

## **PS 37/26 Høyringssak- framtidig organisering av oppvekstsektoren i Sande kommune**

### **Vedtak:**

#### **Alternativ 1:**

Kommunedirektøren byggjer tilrådinga si på det kunnskapsgrunnlaget som i sum er utarbeidd, i tillegg til dei ytterlegare presiseringane som har kome frå Telemarksforsking knytt til rapporten.

#### **1. Skulestruktur**

- Gursken skule (1-7) Larsnes skule (1-7) vert slått saman til ny felles barneskule i Gursken, frå og med skuleåret 2026/2027.
- Kvamsøy skule (8-10) blir flytta til ny felles ungdomsskule i Gursken (8-10), frå og med skuleåret 2026/2027.
- Kvamsøy skule (1.-7. trinn) held fram i noverande lokale, men blir organisert under felles leing og administrasjon med ny samanslått skule i Gursken.

#### **2. Barnehagestruktur**

Barnehagestrukturen vert tilrådd uendra, men kommunedirektøren vil vurdere ny administrativ organisering av tenesta.

#### **3. Kulturutvikling**

- Kulturskulen blir flytta til Larsnes skule, men med moglegheit for bruk av lokala til musikk- og aktivitetsrom for SFO i Gursken.
- Kommunen skal, i samarbeid med frivilligsentralen, lag og organisasjonar og flyktningenesta, vurdere om tidlegare Larsnes skule kan utviklast til ein aktivitetsbase for kultur, ungdom, frivilligheit og idrett.
- Ei eventuell flytting av biblioteket blir utsett, i påvente av ei breiare vurdering av framtidsretta biblioteksdrift, inkludert:
- interkommunalt samarbeid
- «Meiråpent»-løyising med beteningsfri opningstid

- framtidig lokalisering

## **Alternativ 2**

1. Kommunestyret vedtek å samle skulane på Kvamsøy, Larsnes og i Gursken i ei felles administrativ eining, med undervisning på tre lokasjonar; Kvamsøy, Larsnes og Gursken. Forslaget føreset bruk av dei to barneskulane i Gursken og på Larsnes, samt spesialromma ved skulen i Gursken. Samla vil dei to skulebygga ha plass til ti klasser om ein fordeler dei rett. Då vil alle elevane ha gode arbeidstilhøve største delen av undervisningstida.

2. Elevane på trinna 1-7 som soknar til Kvamsøy skulekrins skal ha tilbod om skule på Kvamsøy.

3. For elevane på Gurskøya skal klassene fordelast mellom skulebygga på Larsnes og i Gursken. Ein oppnår å samle elevane på kvart trinn i ei klasse. Oppdaterte tal frå Telemarksforskning viser ei innsparing på rundt 2,7 millionar kroner ved deling i ungdomsskule og barneskule. Ein anna fordeling av klassene vil truleg gi ytterlegare innsparing i høve til reduksjon i kapitalkostnader.

4. Den konkrete organiseringa av trinn og klassar mellom skulane skal fastsetjast av administrasjonen etter fagleg medverknad frå lærarkollegiet. Organiseringa kan justerast mellom skuleår dersom pedagogiske eller organisatoriske omsyn tilseier det. Ein oppnår å samle tilsette i ei eining, med leiar som rår over alle ressursane samla.

5. Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide oppdatert høyringsgrunnlag med økonomisk effekt i tråd med dette.

Saka med både alternativ 1 og alternativ 2 vert lagt ut til offentleg ettersyn og frist for å kome med innspel er 14.april 2026.

## **Behandling:**

### **Alternativt forslag til høyringsuttale i sak 37/26, foreslått av Olav Myklebust, Senterpartiet**

Fellesframlegg frå Ap og Sp sett fram i møtet som eit tillegg til formannskapet si tilråding, til høyring parallelt med kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å samle skulane på Kvamsøy, Larsnes og i Gursken i ei felles administrativ eining, med undervisning på tre lokasjonar; Kvamsøy, Larsnes og Gursken. Forslaget føreset bruk av dei to barneskulane i Gursken og på Larsnes, samt spesialromma ved skulen i Gursken. Samla vil dei to skulebygga ha plass til ti klasser om ein fordeler dei rett. Då vil alle elevane ha gode arbeidstilhøve største delen av undervisningstida.

2. Elevane på trinna 1-7 som soknar til Kvamsøy skulekrins skal ha tilbod om skule på Kvamsøy.

3. For elevane på Gurskøya skal klassene fordelast mellom skulebygga på Larsnes og i Gursken. Ein oppnår å samle elevane på kvart trinn i ei klasse. Oppdaterte tal frå Telemarksforskning viser ei innsparing på rundt 2,7 millionar kroner ved deling i ungdomsskule og barneskule. Ein anna fordeling av klassene vil truleg gi ytterlegare innsparing i høve til reduksjon i kapitalkostnader.

4. Den konkrete organiseringa av trinn og klassar mellom skulane skal fastsetjast av administrasjonen etter fagleg medverknad frå lærarkollegiet. Organiseringa kan justerast mellom skuleår dersom pedagogiske eller organisatoriske omsyn tilseier det. Ein oppnår å samle tilsette i ei eining, med leiar som rår over alle ressursane samla.

5. Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide oppdatert høyringsgrunnlag med økonomisk effekt i tråd med dette.

## **RØYSTING:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Fellesframlegget som eit tillegg til formannskapet si tilråding sett fram av Olav Myklebust på vegne frå Ap og Sp fekk 12 røyster (Ap, Sp, Frp) og vart lagt til i høyringssaka.

### **Formannskapet si tilråding - 10.03.2026 - 37/26**

#### **Formannskapet tilrår:**

Kommunedirektøren byggjer tilrådinga si på det kunnskapsgrunnlaget som i sum er utarbeidd, i tillegg til dei ytterlegare presiseringane som har kome frå Telemarksforskning knytt til rapporten.

#### **1. Skulestruktur**

- Gursken skule (1-7) Larsnes skule (1-7) vert slått saman til ny felles barneskule i Gursken, frå og med skuleåret 2026/2027.
- Kvamsøy skule (8-10) blir flytta til ny felles ungdomsskule i Gursken (8-10), frå og med skuleåret 2026/2027.
- Kvamsøy skule (1.-7. trinn) held fram i noverande lokale, men blir organisert under felles leing og administrasjon med ny samanslått skule i Gursken.

#### **2. Barnehagestruktur**

Barnehagestrukturen vert tilrådd uendra, men kommunedirektøren vil vurdere ny administrativ organisering av tenesta.

#### **3. Kulturutvikling**

- Kulturskulen blir flytta til Larsnes skule, men med moglegheit for bruk av lokala til musikk- og aktivitetsrom for SFO i Gursken.
- Kommunen skal, i samarbeid med frivilligsentralen, lag og organisasjonar og flyktnings-tenesta, vurdere om tidlegare Larsnes skule kan utviklast til ein aktivitetsbase for kultur, ungdom, frivilligheit og idrett.
- Ei eventuell flytting av biblioteket blir utsett, i påvente av ei breiare vurdering av framtidsretta biblioteksdrift, inkludert:
- interkommunalt samarbeid
- «Meiråpent»-løysing med beteningsfri opningstid
- framtidig lokalisering

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn og frist for å kome med innspel er 14.april 2026.

Møtet slutt kl 16.50